

Tannhelsetilbodet for skuleelevane i Skånevik

FAU ved Skånevik Skule ser det som særst uheldig at det ikkje er noko offentleg tannhelsetilbod i Skånevik per i dag.

Skulen har over 100 elevar og barnehagen er full.

Alle desse er brukarar av tannklinikken i bygda og er avhengig av hjelp til transport .

1 – Kostnader og organisering

I og med at Skånevik er ligg 27 km frå Etne , er det behov for transport for å kome til tannklinikken. Det er ikkje offentleg transporttilbod som eignar seg til eit tannlegebesøk, noko som betyr auka transportutgifter for fylkeskommunen.

2 – Tap av undervisningstid

Auka reiseavstandar ved behov for tannhelsetenestar vil gje auka tap av undervisningstid. Dette gjer utfordringar både for den einskilde elev , men og for lærarane som skal planlegge undervisninga. Det vil også ramme næringslivet i bygda då foreldra må ta seg fri for å følgje/transportere borna nesten ein time kvar veg.

3 - Andre merknader

Skånevik skule er i vekst og har dei siste åra hatt eit aukande elevtal.

Aktiviteten i bygda har auka og

det er god grunn til å tru at han vil auke i åra som kjem.

I tillegg til dette ser me at talet på innbyggjarar i bygda har auka og at mange unge ynsker å busetje seg i bygda.

FAU ber på det sterkaste om at fylket finn alternative løysingar.

Ein har tannlegekontor i Skånevik, som er leigd ut til privat tannlege. Dette syns me er veldig bra, det fins då eit tilbod for vaksne betalande.

Me ønsker likevel at fylket er villig til å finne ei løysing for skuleelevane.

Ein kan kjøpe timar hos privat tannlege som allereie har kontor i Skånevik. Ein vil då spare reisetid og kostnadar for elevar og føresette, og spare miljøet for unødvendig køyring.

Alternativt kan offentleg tannlege få ein avtale med den private tannlegen, slik at ein kan nytte kontora som fins i bygda.

Mvh FAU Skånevik skule

Julie Rogelstad (vias)